

Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/5857 - 20/48079

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
06.08.2020

## Vedtak til klagevurdering - gbnr 345/10 Vikebø

**Tiltak:** Veg vedlikehald og utviding av veg  
**Byggjestad:** Gbnr: 345/10  
**Tiltakshavar:** Gerda Aasebø  
**Ansvarleg søkjar:** Flo 1 AS

Saka gjeld søknad om rehabilitering og utviding av veg på gbnr 345/10 til eksisterande fritidsbustader på gbnr 345/74, 345/84 og 345/36,39 på Vikebø.

### Planstatus

Det omsøkte arealet er satt av til område B\_12 -framtidig bygg og anlegg, under dette kombinert busetnad- og anleggsformål, i arealdelen til kommunedelplanen (KDP) som vart vedteken 17.6.2015. Tiltaket som omsøkt er difor i samsvar med arealformålet i KDP.

I tillegg ligg tiltaket i omsynssone for verneplan for H190\_1 Rylandsvassdraget, det er søkt om dispensasjon for etablering av tiltak i sikringssone for verneområde H190\_1 Rylandsvassdraget den 03.08.20.



### Handsaming

Saka vart handsama av administrasjon den 05.08.20, der følgjande vedtak vart fatta:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå krav om reguleringsplan og dispensasjon for etablering av tiltak i sikringsone for verneområde H190 \_1 Rylandsvassdraget for rehabilitering og utviding av veg på gbnr 345/10 til eksisterande fritidsbustader på gbnr 345/74, 345/84 og 345/36,39 på Vikebø.**

**Vidare gir Alver kommune i medhald av pbl § 20-1 bokstav k, l) rammeløyve til rehabilitering og utviding av veg med tilhøyrande støttemurar på gbnr 345/10 til eksisterande fritidsbustader slik den er vist på vedlagte situasjonskart og teikningar på følgjande vilkår:**

- 1. Det skal søkjast om igangsettingsløyve før arbeid kan setjast i gang.**
- 2. Arbeidet skal avsluttast med ferdigattest.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post [larissa.dahl@alver.kommune.no](mailto:larissa.dahl@alver.kommune.no) eller på telefon 56171423.

### **Regelverk**

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon - gbnr 345/10 Vikebø  
sak 205857 - søknad om disp  
Rammeløyve til rehabilitering og utviding av veg med dispensasjon - gbnr 345/10 Vikebø  
Situasjonsplan  
Teikningar  
Søknad om løyve til oppgradering av veg, rammeløyve - GBNR 345/10 Vikebø  
Søknad  
Søknad  
Dispensasjonsøknad  
Redegjørelse for søknad  
Andre vedlegg

**Kopi til:**

Flo 1 AS  
Gerda Aasebø  
Ove Aasebø

Søndre Ravnedalen 21  
Traudalsgrend 24

5170  
5145

BJØRNDALSTRÆ  
FYLLINGSDALEN

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER